
Bilag 4 – Samla pris- og betalingsvilkår

1 Pris

Alle prisar går fram av Bilag 4a – Prisskjema.

Oppgitte prisar skal omfatta alle kostnader ved leveransen. Til dømes skal alle naudsynte abonnementskostnader, administrativt arbeid og fakturagebyr vere innkalkulert i prisane.

2 Prisregulering

2.1 Tidspunkt for regulering

Prisane i denne rammeavtalen kan regulerast i samband med tiltreding av opsjon, tidlegast to år etter avtalesignering. Prisregulering skal skje med minimum 45 dagars skriftleg varsel.

2.2 Indeks for regulering

Prisene skal regulerast etter følgjande indeks: Tabell: 03013: Konsumprisindeks

Endringar i valutakursar utover det som vert fanga opp av aktuell prisindeks er Leverandørens risiko.

Prisregulering skal skje ved hjelp av følgjande prisreguleringsformel:

$$P_1 = P_0 + (P_0 * ((I_1 - I_0) / I_0))$$

P_1 = Prisen som skal betalast (eksklusive mva).

P_0 = Basispris (eksklusive mva), dvs. tilbodspris for tidspunkt I_0 .

I_0 = Indeks for tidspunktet basisprisen er frå, dvs. siste kjente indeks før tilbodsfristens utløp (startindeks).

I_1 = Indeks for tidspunktet prisjustering skal skje.

Om ikkje anna er sagt, gjeld same prisregulering for alle varer og tenester som er omfatta av kontrakten.

Dersom det skjer endringar i MVA eller andre offentlege avgifter som får påverknad på indeksen på ein måte som gjev eit feilaktig bilete på prisutviklinga, skal ein ta omsyn til slike endringar på det aktuelle reguleringstidspunktet.

2.3 Verknad av prisregulering

Prisreguleringa får verknad for alle bestillingar gjort etter dato for prisregulering.